

Er det kystbjørnekjeks?



Behandlinga av det som kanskje er kystbjørnekjeks og som veks ved grusbana har vore effektiv. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Er det korkje tromsøpalme eller kjempebjørnekjeks som veks i skuleområdet i Uskedalen og som det no er sett i gang ein kampanje for å få bort? Ekspertar på botanikk seier til uskedalen.no at planta som veks hos oss er ein nær slektning av dei to, nemlig kystbjørnekjeks og at den er mindre giftig enn både tromsøpalme og kjempebjørnekjeks.


Men den kan verka hudirriterende i sollys og må derfor handterast med forsiktigkeit, heiter det i botanikkbøkene. Med andre ord er det grunn til å fjerna den.

Det latinske namnet er *heracleum sphondylium* og også kystbjørnekjeksen hører til skjermplantefamilien. Det heiter at den er frå 50 centimeter til to meter og at blada er stivhåra og finnate, vanlegvis med fem breie, flikete og tannete avsnitt. Blomane er som regel kvite og dei sitter i opptil 15 centimeter breie skjermar. I Noreg er kystbjørnekjeksen å finna langs kysten frå Telemark til Sogn.

Den er gjennom åra nytta som legemiddel. Planten er aromatisk, beroligande, svakt slimløysande, fordøyelsesfremmande, bloddtrykksenkjande og menstruasjonsfremmande! Den kan brukast både mot halskatarr, bronkitt, generall svakheit og høgt blodtrykk står det å lesa i "Urtekildens planteleksikon"!

I den grad den blir brukt i våre dager er det helst mot halskatarr og bronkitt og som eit fordøyelsesfremjande middel. Planten har også vore brukt en del til mat og drikke, særleg i østeuropeiske land.

Av Ola Matti Mathisen



Slik blir kystbjørnekjeksen presentert i ei bok.